



BARNEOMBODET

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

E-post: post@utdanningsdirektoratet.no

Dykkar ref:

Vår ref:
15/00300-2

Saksbehandler:
Janicke Sæther Olsen

Dato:
20. april 2015

Høyring - om vurdering og fråværsgrenser

Vi viser til høyringsbrevet frå Utdanningsdirektoratet publisert 25.02.2015, med fleire forslag som i stor grad vil røre ved elevar si rett til opplæring.

Samandrag

Barneombudet går imot fleire av forslaga. Det er ei stor svakheit ved høyringsdokumentet at forslaga ikkje er vurdert opp mot bestemmingane i barnekonvensjonen. Vi meiner at fleire forslag ikkje er i samsvar med kva som er til det beste for barnet, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.

Barneombudet vil oppmode Utdanningsdirektoratet om å arbeide for å fremje forslag som kan hjelpe fleire elevar med å lukkast med utdanninga si. Vi oppmodar Direktoratet om å sjå på fråværspraksisen som gjeld fråvær for vaksne i arbeidslivet, der sanksjonar sjeldan blir forveksla med motivasjon. Vi anbefaler heller å innføre eit oppfølgingssystem for fråvær som tar utgangspunkt i å støtte og motivere elevane.

- Barneombudet støttar ikkje forslaget om å innføre fråværsgrenser (5 %, 10 % eller 15 %) på vidaregåande skule, slik at elevar som overstig grensene ikkje skal få vurdering i faget.
- Barneombudet støttar ikkje forslaget om å oppheve læraren si plikt til å legge til rette for å få eit tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag.
- Barneombudet støttar ikkje forslaget om å fjerne krav til at læraren skal dokumentere at vurdering er gjort undervegs.
- Barneombudet støttar ikkje forslaget om å oppheve eleven sin rett til samtale med kontaktlæraren om utviklinga i kompetansemål i faget.

Barneombodets mandat

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg fylgje med på at lovgjevnad til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for, med meir. Mandatet til Ombodet er avgrensa til barn under 18 år.

Barneombodet meiner

Vi vil særleg uttale oss om fråværgrenser, læraren si plikt til å leggje til rette for vurdering og eleven sin rett til ein samtale med kontaktlæraren om kompetanssmål i faga. Barneombodet meiner forslaga ikkje er i samsvar med prinsippet om kva som er til det beste for barnet, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Forslaga kan bety forskjellsbehandling og tap av utdanning, og svekkjer ansvaret skulen har for at elevane skal nå sitt potensial i samsvar med intensjonen til lovgivaren etter opplæringslova og barnekonvensjonen.

Dersom målet er å fjerne tidstjuvar, er det mange andre meir eigna tiltak som kan setjast i verk. I vurderinga av kva oppgåver dette er, bør elevane involverast. Retten til å bli høyrd følgjer av fleire bestemmingar, jf. barnekonvensjonen artikkel 12 og forvaltningslova § 17. Det er uheldig at Utdanningsdirektoratet startar dette arbeidet med å fremje forslag som kan ramme elevane si opplæring, og at utgangspunktet først og fremst er lærarane sine ynskjer og behov.

Fråværgrenser

Barneombodet er svært kritisk til forslaget om å innføre fråværgrenser.

Fråværsreglar skal gi oversikt for å sikre at eleven får den opplæringa han eller ho har bruk for. Fråværsreglar skal ikkje brukast for å sanksjonere mot elevar, men vere eit verkemiddel for å beskytte og støtte elevane. Elevar som begynnar på vidaregåande skule er mindreårige. Forslaget om å innføre fråværgrenser vil føre til at ansvaret for opplæringa blir velta over på eleven utan dokumentasjon på at skulen har etterlevd sine plikter til å førebygge og følgje opp med eigna tiltak.

Elevane er ei samansett gruppe, og har fråvær av ulike årsaker. Det kan være på grunn av sjukdom, funksjonshemming, omsorgssvikt eller mobbing. Andre har fråvær på grunn av ulike verv, og fordi dei deltek på ulike samkommer innanfor kunst, kultur og idrett. Skulen må greie ut årsaka til fråværet og handtere det i samsvar med aktivitetsplikta til skulen. Fråværgrenser med tap av retten til karakter i fag vil få alvorlege konsekvensar for elevane. Dette løyser ein ikkje ved å la skulen vurdere ut ifrå skjønn kva fråvær som skal telje med, det vil kunne føre til usakleg forskjellsbehandling.

Elevar bør ha karakter i fag på bakgrunn av kompetansen sin, ikkje frammøtet sitt. Det er vurderingsgrunnlaget som må avgjere om det kan setjast karakter. Elevane har ikkje skuleplikt, dei har ein opplæringsrett. Løysinga er tilrettelegging, og tilrettelegginga må spegle årsaka til fråværet. Der årsaka til fråværet finst på skulen, blir det særleg viktig at ikkje ansvaret for fråværet blir velta over på eleven. Sårbare elevar vil ha behov for tiltak og tett oppfølging frå skulen (miljøterapeut, støttekontakt, transport), betre tilrettelegging (tilpassa opplæring, assistent, spesialundervisning) og tiltak for å meistre det å møte på skulen (ved for eksempel mobbing eller omsorgssvikt). Andre eksempel kan vere

heimeundervisning (ved for eksempel fysisk eller psykisk sjukdom), fjernundervisning (for kronisk sjuke eller elev på reise) og bruk av skype, videooptak, nettundervisning, planlagt sjølvstendig arbeid, innleveringar og så vidare.

Det må ikkje innførast reglar og grenser som kan føre til at dei svakaste fell utanfor. Det går fram av Folkehelsemeldinga at 15-20 % av alle barn og unge i Noreg i alderen 3-18 år har nedsett funksjon på grunn av psykiske plager som angst, depresjon eller åtferdsproblem. Av desse har rundt 8 % ei diagnostiserbar psykisk lidning. I Folkehelsemeldinga blir det framheva at løysinga er god sosial støtte. Barnehagar og skular av god kvalitet er viktige for den fysiske og psykiske utviklinga til barn. Eit godt oppvekst- og læringsmiljø gir oppleving av fellesskap og meistring, og bidreg til å utvikle og oppretthalde vennskap og sosiale nettverk. Trivsel i barnehage og skule har samanheng med utviklinga av god psykisk helse, trivsel og meistring seinare i livet. (Kjelde: Folkehelsemeldinga 2015). Dette er viktig informasjon om barn, som ikkje kan oversjåast i spørsmål om det vil vere til det beste for barn å innføre fráværsgrenser og tap av rett til karakter.

Det finst betre løysingar enn å lage fráværsgrenser. Barneombodet vil oppmode Direktoratet om å trekke erfaringar frå skular med fallande frávær for å lære av desse. Blant anna **Valdres vidaregåande skule**, som gjennom systematiske tiltak har redusert fráværet blant elevane. Vidare bør Direktoratet sjå på **Nittedal PPT**, som har utvikla systematisk oppfølging av elevane med stort skulefrávær. Vi ser ingen grunn til at ikkje alle skulane i landet kan implementere tilsvarande tiltak og verkemidlar. Eksempla frå Valdres og Nittedal viser at det er fullt mogleg å arbeide systematisk med frávær på måtar som er til det beste for barnet.

Vurderingsgrunnlag

Barneombodet er ueinig i forslaget om å fjerne plikta læraren har til å legge til rette for å få tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag av elevane.

Vi mottar i dag saker der det for eksempel går fram at lærarar i munnlege fag meiner dei kan setje halvårskarakter på grunnlag av *ein* skriftleg prøve, samtidig som dei nektar å gi elevane med gyldig frávær moglegheita til å ta prøven når dei kjem tilbake, og at rektor avviser saka med at foreldre ikkje har klagerett. Barneombodet meiner skulen må kunne dokumentere eit minimum av tilrettelegging for å få vurderingsgrunnlag. Læraren si plikt til å legge til rette for vurdering bør oppretthaldast.

Vurdering undervegs

Dokumentasjonsplikta løysar ein ikkje gjennom andre bestemmingar. Det er ikkje tilstrekkeleg at læraren vitnar (kryssar av) om at det er gitt vurdering undervegs. Det som skal dokumenterast er at eleven faktisk har fått ei vurdering undervegs, og at denne har eit innhald som eleven kan gjere nytte av. Poenget er ikkje å krysse av at oppgåver er utført, men å bidra til at eleven kan nå læringsmåla sine. Utdanningsdirektoratet si vurdering av gjeldande rett samsvarar dårleg med kravet til forsvarleg saksbehandling og innhaldet i opplæringsretten.

Elevsamtale

Barneombodet er ueinig i forslaget om å oppheve eleven sin rett til ein samtale med kontaktlæraren om utviklinga i kompetansemåla i faget.

At eleven har forstått og oppnådd kompetansemåla i fag er sentral for at han skal lukkast skulefagleg. Det er nødvendig å oppretthalde retten eleven har til slike samtalar når han har

behov for det. Avtalte samtalar vil presse lærarane til å gi ei grundig evaluering, og gi eleven moglegheit til å få gode kvalitative tilbakemeldingar. Samtalen sikrar også at faglærarane må samarbeide, og gir moglegheit for ei samla og heilskapleg oppfølging av eleven. Eleven får også anledning til å ta opp problem som påverkar skulemiljøet og læringsutbyttet – personleg informasjon det ikkje vil vere mogleg for elevar å gi i ein travel skuledag med andre elevar til stades.

Argumentet for å fjerne elevar sin rett til samtale med kontaktlæraren må ikkje ta utgangspunkt i læraren sine behov og ønskje om å sleppe, men ta utgangspunktet i kva som er det beste for eleven. Elevar som ikkje sjølv ønskjer eller ser behovet for slike samtalar, har i dag moglegheit til å la vere. Å ta tilbodet vekk frå dei elevane som treng det, er ikkje i samsvar med prinsippet om det beste for barnet, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Elevar har ei sjølvstendig rett til å bli høyrte, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. Barneombodet er ueinig med Utdanningsdirektoratet i at retten til å bli høyrte kan bli erstatta av «halvårsvurderingar utan karakter, foreldresamtalar og vurdering undervegs».

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Janicke Sæther Olsen
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.